

Samarbeidsnemnda i norrøn filologi, møte 6. sep. 2019

NTNU Dragvoll (rom 3432), kl. 10.30–16.00. Kaffi frå kl. 10.00.

Til stades: Bernt Øyvind Thorvaldsen (USN), Gudlaug Nedreliid (UiA), Endre Mørck (UiT), Anna C. Horn (UiO), Ivar Berg (NTNU), Kjersti Bruvoll (NTNU), Ingrid M. Heiene (NTNU), Odd Einar Haugen (UiB), Nina Stensaker (UiB), Juliane Tiemann (UiB), Zuzana Stankovitsova (UiB). På Skype: Eldar Heide (HVL).

Sakliste

Bernt opnar og ønskjer velkomen. Presentasjonsrunde.

1. Korte rapportar frå lærestadene. Kva skjer?

- a) Fagmiljøet (tilsette inkl. stipendiatar)
- b) Undervisinga (fagtilbod, studenttal)
- c) Forskinga (sentrale prosjekt)

Bernt (USN), Ivar (NTNU), Gudlaug (UiA), Odd Einar (UiB), Klaus Johan (UiS), Anna C. (UiO), Eldar (HVL) og Endre (UiT) fortalde kort frå sine institusjonar. Sjå vedlagde skriftlege rapportar til slutt i referatet.

Avslutningsvis peikar Klaus Johan på at der dei har norrøn filologi som eige studieprogram (Bergen, Oslo), er det mindre norrønt i det vanlege nordiskstudiet. På grunn av mindre språk-historie i skulen, er emnet pressa i lektorutdanninga. Men lektorprogrammet er også kvalifisering for vidare studiar og kan difor ikkje berre følgje skulefaget.

Læreplanane skiftar, så me kan ikkje leggje oss for tett opp til dei til ei kvar tid. Framandspråka har ofte eit historisk emne, *der* inngår altså eldre språk og litteratur vanlegvis som ein sjølvsgd del, og det gjer det alltid i utlandet i studiar av nordisk/skandinavisk. Da er det rart at norrønt har vorte så pressa innanfor nordiskstudiet i Noreg.

Nøkkelargumentet for eldre språk – i tillegg til det kulturhistoriske – er framleis gyldig: norrønt er til hjelp for dialektologien m.m.

2. Kjeldeskriftkommisjonen (jf. brev frå Arkivverket).

- Orientering om arbeidet v/Gudlaug
- Utpeiking av nye representantar, to norrønfilologar og éin runolog med varafolk.

Sjå vedlagde rapport frå Gudlaug. Arkivverket er omorganisert, men Kjeldeskriftkommisjonen består.

Klaus Johan stiller spørsmål til kvifor *Hákonarsaga* ikkje skal trykkjast (band 2), sidan digitale utgåver kan forsvinne. Kjeldeskriftkommisjonen hadde der føreslege at baa banda bør vera digitale, men Klaus Johan og Odd Einar peikar på verdien av trykte bøker.

Elles er utgåver av typen *Norges Innskrifter* på hell, og band 7 blir heilt sikkert det siste av typen. I framtida blir både korpusutgåver av runer og faksimileutgåver av handskrifter digitale, peikar Odd Einar på.

Diskusjon om oppnemning av nye folk til kommisjonen. Samarbeidsnemnda nominerer følgjande personar. Me nominerer berre namn, og Arkivverket vel kven dei vil be vera fast representant.

Norrøn filologi: Odd Einar Haugen, Helen Leslie, Anna Horn, Jon Gunnar Jørgensen.

Runologi: Kristel Zilmer, Michael Schulte. (Ivar høyrer med Michael; om han ikkje vil, høyrer me med Jonas Nordby. Michael sa ja.)

3. Gjennomgang av vedtektene og ev. revisjon.

- Skal me gjera noko med punktet om formell oppnemning?

Odd Einar fortel at vedtektene er kopierte frå samarbeidsnemnda for namnegransking. Dei bør reviderast på nokre punkt, bl.a. på grunn av strenge krav til kven som kan delta. Det blir peika på at det må vera formell oppnemning fordi institusjonane dekkjer reisa, samstundes som me ønskjer at møta er opne for at nemnda skal kunne fungere som nettverksbyggjande tiltak.

§ 3 ny tekst: Rett til å vere med i Samarbeidsnemnda for norrøn filologi har institusjonar med tilsette som forskar på og/eller underviser i norrøn filologi.

§ 4 ny tekst: Institusjonane oppnemner representantar med varafolk til samarbeidsnemnda. Universitet som har eigne studieprogram i norrøn filologi, oppnemner to representantar og to vararepresentantar. Andre institusjonar som oppfyller krava til deltaking, oppnemner éin representant og éin vararepresentant. Vararepresentantar og andre interesserte som ikkje er oppnemnde som representantar, kan møte som observatørar på møta.

§ 5 Endring frå 3 til 4 år, første periode 2019–2023.

§ 7 formann > leiar (jf. § 6)

4. Ny leiar for nemnda.

Bernt Øyvind Thorvaldsen ønskjer på grunn av stort arbeidspress å trekkje seg som leiar, men kan fortsette i arbeidsutvalet.

Klaus Johan Myrvoll vart vald til ny leiar og Bernt Øyvind Thorvaldsen til nestleiar. Ivar Berg fortset som skrivar. Alle valde ved akklamasjon.

5. Orientering: norrøn filologi ute og heime

Samarbeidsnemnda ved Bernt engasjerte seg i arbeidet med ny læreplan med lesarinnlegg og høyringsfråsegn. Det kan ha hjelpt, for «norrøne tekster» og «norrønt [språk]» som var heilt ute or læreplanen, er no nemnt eksplisitt i læringsmåla for vg2 studieførebuande. Det svekkjer likevel tilgangen til den norrøne verda for store elevgrupper.

I mai engasjerte samarbeidsnemnda seg til liks med over 400 andre forskarar i saka ved Københavns universitet der islandsklektoren Gottskálk Jensson vart oppsagt. Jon Gunnar Jørgensen og Ivar Berg sette opp eit brev til rektor/dekan/instituttstyrar med ein protest, ikkje minst fordi samlingane i København også inneheld norske handskrifter.

Mikael opplyser at situasjonen i Sverige er lysare enn han var, der Stockholm har styrkt tilbodet på vårt felt, og Uppsala har framleis eit sterkt miljø.

6. Orientering: *Altnordische Philologie, zweite Auflage*

2. utgåve av *Handbok i norrøn filologi* vart for nokre år sidan omsett til tysk under tittelen *Handbuch der norrönen Philologie*, men arbeidet med utgjeving stoppa opp. Den første utgåva (under tittelen *Altnordische Philologi. Island und Norwegen*) var altfor dyr, men det er vanskeleg å få støtte til å gje ut nye utgåver som Open Access. Odd Einar har likevel ein plan om ei open utgåve på Novus forlag som folk eventuelt kan få trykt sjølve («print on demand»). For å kunne trykkjast (on demand) må boka delast i to band, for elles blir ho for tjukk. Rekkjefølgja av kapitla blir difor endra frå den norske utgåva, med band 1 om tekst og litteratur, band 2 om språk og mytologi.

7. Forskingssamarbeid, noverande og moglege. Open diskusjon.

Mykje er nemnt i rapportane frå institusjonane.

Odd Einar oppfordrar til å publisere tekstar i Menota (<https://menota.org/>). Arkivet veks stadig, og det er no planar om å inkludere diplomtekstar.

Mikael nemner at rein publisering av tekstar utan all kodinga og oppmerkinga i Menota-standard er verdifulle. Slike tekstbasar finst for andre språk, særleg latin. Bibliotheca Polyglotta (UiO) er eit slikt tiltak (<https://www2.hf.uio.no/polyglotta/>). Slik publisering krev relativt lite og kan vera nyttig for «mjukare filologar» som er mest interesserte i innhaldet. Det kan vera mogleg å inkludere *Íslenskt Fornrit* i den eksisterande samlinga i Oslo.

Det er viktig at slike tiltak ikkje ekskluderer kvarandre; me treng både grundige, språkleg tilrettelagde utgåver av Menota-typen og lettlesne versjonar som i Bibliotheca Polyglotta.

Neste møte i samarbeidsnemnda blir i Oslo, tentativt fredag 3. september 2021. Møtet heva kl. 14.45.

Vedlegg til sak 1: Rapportar frå lærestadene

Det er ganske stor skilnad i kor omfattande desse rapportane er, dels på grunn av kor mange tilsette som arbeider med norrøn filologi eller tilgrensande fagfelt på kvar lærestad, dels fordi somme har levert grundige skriftlege rapportar, medan andre orienterte kort munnleg under møtet. Skrivaren har frisert oppsettet litt, men formuleringane (inkl. målform) kjem frå innsende rapportar.

Universitetet i Sørøst-Norge v/Bernt Øyvind Thorvaldsen

I tillegg til Bernt Øyvind Thorvaldsen forskar Evy Beate Stykket på eldre språk og litteratur, og det er eit par aktive pensjonistar og mellomalderforskarar på andre fag. Det er altså ikkje eit samla norrønemiljø, men det føregår både forskning og noko undervising på feltet. Norrønt inngår i norskstudiet i Bø, men ikkje i Vestfold.

Universitetet i Trondheim (NTNU) v/Ivar Berg

Ivar Berg er den einaste fast tilsette på fagfeltet på Institutt for språk og litteratur, men norrønfilologen Kjersti Bruvoll er no tilsett ved Institutt for historiske studiar. Det er éin stipendiat i eldre språkhistorie, Ingrid M. Heiene.

Litt eldre språkhistorie inkl. norrønt inngår i det obligatoriske basisemnet «Språkhistorie og talemål» med ca. 120 studentar. Ivar Berg har skrive ei ny lærebok som er tilpassa det reduserte rommet til norrønt innanfor dette innføringsemnet, der omfanget av gamalnorsk grammatikk er skore ned til beinet. Det er eitt fordjupingsemne i eldre språk, der 7 studentar tek fordjuping i norrønt hausten 2019.

Det er ingen pågåande forskingsprosjekt i norrøn filologi, men det er søknadsarbeid i gang på historie, som har eit sterkt mellomaldermiljø som tangerer vårt fagfelt.

Universitetet i Agder v/Gudlaug Nedreliid

Fleire tilsette som arbeider (også) med norrønt språk eller litteratur, inkludert aktive pensjonistar. Inngår i årsstudiet, men ikkje vidaregåande kurs. Individuell prosjekt, Schulte er mest aktiv.

1. Personale

Professor Michael Schulte, spesialtist i runologi og eldre språkhistorie; fyrsteamanuensis Rune Røsstad, sosiolingvist og norrønfilolog (norrøn hovudoppgåve); professor Gudlaug Nedreliid, namnegranskar og mangesyslar.

Professor Gro-Renée Rambø, språkhistorikar og fagdidaktikar; fyrstelektor Bente Hellang, litteraturvitar og fagdidaktikar (emnekrins i norrøn litteratur, hovudoppgåve om balladar); professor Bjarne Markussen, litteraturvitar (har publisert om Egil Skallagrímsson); fyrsteamanuensis Vidar Haslum, namnegranskar.

Emeriti: Professor Marit Aamodt Nielsen, norrønfilolog; professor Martin Skjekkeland, dialektgranskar og mangesyslar; professor Ernst Håkon Jahr, alt mogleg-mann.

2. Undervisninga

Norrønt er inne som emne på kurset No-146-1, **Språk og samfunn i tid og rom**. 1-talet i kurskoden betyr at kurset går om våren. Det inneheld norrønt, nyare språkhistorie og talemål (dialektar og sosiolektar). Kurset er på 15 studiepoeng, og norrønt har ca. ein tredjedel av timetalet i undervisninga. Kurset er obligatorisk i årsstudiet i nordisk språk og litteratur, som samstundes utgjer fyrste året i bachelorgrad i det same studiet. Kurset går ogso inn i lektorutdanninga for trinn 8–13, 5-årig masterutdanning, sokalla GLU-master, sjå studieplan på <https://www.uia.no/studieplaner/topic/NO-146-1>. Talet plar liggja på 60–70 studentar.

Odd Einar Haugens *Norrøn grammatikk i hovuddrag* er pensumbok, og til og med i vår har me brukt Torp og Vikørs språkhistorie. Studentane skal (teoretisk) lesa minst fem sider norrøn tekst.

Våren 2018 tilbaud Gudlaug N ein emnekrins på masternivå i historiske tekster. Den blei avlyst fordi det ikkje kom studentar.

3. Forsking

Individuelle forskingsprosjekt knytte til dei einskilde tilsette.

Michael Schulte: *RuneS – Runische Schriftlichkeit in den germanischen Sprachen*. Samarbeidsprosjekt med Univ. i München & Eichstätt (mest om grafematikk, samarbeid nå i høst og fremover) *GAO – Germanische Altertumskunde Online*, bidragsyter 2018-2021, med flere runologiske bidrag. Bokprosjekt med forlagskontrakt: *Ancient Nordic – The earliest North Germanic language* (Planlagt: Routledge series). *Runer i Agder gjennom tusen år* (bokprosjekt).

Marit Aamodt Nielsen: Bylova. Bente Velle Hellang: Doktorgradsprosjekt om mellomalderballader. (Gudlaug Nedreliid har eit prosjekt om vestnorsk språkbryting i mellomnorsk tid liggjande i fryseboksen.)

Universitetet i Bergen v/Odd Einar Haugen

Oppsummering: Mange tilsette, høg aktivitet, få studentar. Odd Einar nemner og tilrår krav til oppmøte i undervisninga.

1. Personale (per 1. september 2019)

Professor Odd Einar Haugen, førsteamanuensis Eike Schnall, forskar Helen Leslie-Jacobsen, postdoktorane Jan Kozák, Synnøve Myking, Ben Allport, ph.d.-stipendiatane Juliane Tiemann, Zuzana Stankovitsová, Patrick Farrugia, Nina Stensaker, Julian Valle. Emeriti: Professor Else Mundal.

2. Undervisningstilbod

Innanfor bachelor- og masterprogrammet i norrøn filologi gjev vi ei rekkje kurs med NOFI-kodar: Fast i vårsemesteret: [NOFI101](#) (15 sp.), [NOFI106](#) (5 sp.), [NOFI112](#) (10 sp.).

Fast i haustsemesteret: [NOFI107](#) (15 sp.), [NOFI108](#) (5 sp.), [NOFI109](#) (5 sp.), [NOFI110](#) (5 sp.).

Kvart semester har vi eit kurs (15 sp.) med varierende emne. Hausten 2018 var emnet «Mat i mellomalderen», våren 2019 «Body Symbolism of Old Norse Mythology», og haustsemesteret 2019 «Norrøne teksthistorier» (*Konungs skuggsjá*, *Þiðreks saga af Bern* og *Króka-Refs saga*).

Frå og med hausten 2019 presenterer vi norrønt på innføringskurset [NORD100](#) (10 sp.) for alle bachelorprogramma i nordisk, og vi har utarbeidd eit arbeidshefte for dette, [Norrønt på 500 ord](#). Studentane på nordisk møter norrønt språk i eit visst omfang på [NOSP105](#) (10 sp.), der det eine av dei to hovudemna er «norsk språkhistorie frå urnorsk til moderne norsk» og læreboka hausten 2019 er Agnete Nesse, *Innføring i norsk språkhistorie*. I planen heiter det at dette temaet «omfattar eit mindre studium av norrønt språk som bakgrunn for å forstå dei seinare utviklingane.» Studentane møter norrøn litteratur på [NOLI103](#) (15 sp.), som legg fram «eit breitt utval nordiske, særleg norske, litterære tekstar frå og med norrøn tid og fram til 1900».

3. Forsking

Større bokprosjekt sidan førre møte i nemnda, inkl. prosjekt som er på gang:

Kap. 4 «Høgmellomalderen» i bd. 4 av [Norsk språkhistorie](#) (2018), bd. 1 av [Le lingue nordiche nel medioevo](#) (2018), versjon 3.0 av [The Menota Handbook](#) (publisert 12.12.2019), redaksjon og bidrag i *Handbook of Stemmatology* (under utgjeving på De Gruyter i 2019 eller tidleg i 2020). Under arbeid er bd. 1 og bd. 2 av *Handbuch der norrönen Philologie* (planlagd utgjeving i 2020) og bd. 2 av *Le lingue nordiche nel medioevo* (planlagd utgjeving i 2020 eller 2021).

Større forskingsprosjekt sidan førre møte i nemnda:

[Transformations of Medieval Law: Innovation and Application in Early Modern Norwegian Law Books](#) (støtta av Trond Mohn Stiftelse). CLARINO+ (*Common Language Resources Infrastructure Norway*) vart som det einaste humanistiske prosjekt tildelt midlar på den siste infrastrukturprogramet til NFR. Innanfor dette er det sett av midlar til oppgradering av Menota, m.a. gjennom utviklinga av ein ergonomisk lemmatisator. Dette prosjektet skal etter planen ta til 1. januar 2020 og vil gå over tre år.

Internasjonale konferansar i 2019:

[The 13th Bergen International Postgraduate Symposium in Old Norse Studies](#) (denne har gått kvart år i april månad med stor deltaking frå Storbritannia, særleg Cambridge), [Conceptual Metaphors and Body Symbolism](#) (mai 2019), [Digital Approaches to Transcribing and Analysing Medieval Texts](#) (august 2019). Seinare på året kjem [Network for Early Career Researchers in Old Norse](#) (oktober 2019) og [Methodology in Mythology: The Aarhus Mythology Conference](#) (oktober–november 2019, eit samarbeid mellom forskarar ved Aarhus Universitet, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen).

Universitetet i Stavanger v/Klaus Johan Myrvoll

Klaus Johan Myrvoll er den einaste tilsette med norrøn filologi som hovudfelt; i tillegg kan namnegranskar Inge Særheim nemnast (blir pensjonist i 2020).

Norrønt inngår i årsstudiet i eit språkhistorieemne som er obligatorisk (50–60 studentar). UiS er truleg det universitetet som i dag har mest norrønt som obligatorisk emne i årsstudiet i nordisk.

Forsking er knytt til den einskilde, der Klaus Johan er personar, der Klaus Johan er laus Johan Myrvoll med i prosjektsøknad om skaldedikt og sagalitteratur (med Mikael og Jon Gunnar).

Universitetet i Oslo v/Anna C. Horn

14 tilsette i norrønt/irsk; 5 faste (når to tilsetjingar er gjennomførde).

Det er eit eige studieprogram i «norrøne og keltiske studier» med 10 plassar, der både norrønt og irsk inngår som obligatoriske emne. Programmet har fått eit eige rom for det meste av undervisinga, møte, leseplassar, handbibliotek m.m. for å skapa tilknytning. Dette har vore vellukka. Men studiet i norrøn filologi er heilt isolert frå nordiskprogrammet, der det ikkje er noko eldre språkhistorie (obligatorisk).

Seksjonen har to Unge forskertalent-prosjekt (Mikael Males og Elise Kleivane) i tillegg til det store [*Modes of Modification. Variance and Change in Medieval Manuscript Culture*](#), leidd av Karl-Gunnar Johannsson og finansiert av Riksbankens Jubileumsfond. Dette skal halde på i 8 år og har fleire tilknyttta forskarar. Generelt er det stor aktivitet innanfor filologi på ymse språk og med mykje komparativt arbeid (irsk, norrønt, latin, gamalengelsk) med internasjonalt samarbeid.

Høgskulen på Vestlandet v/Eldar Heide

Eldar Heide tek over som representant etter Kristel Zilmer, som har fått stilling ved Runearkivet i Oslo. Til gjengjeld har vi fått inn Ingvil Brügger Budal (tilfeldigvis samtidig). Det er elles tre mellomalderhistorikarar ved HVL (Bente Brathetland, Meinrad Pohl, Pål Berg Svenungsen), og ein vikar med norrønbakgrunn (Torbjørn Andersen). Undervising i norrønt ved HVL er språkhistorie og ei islendingsoge, begge på 5–10-utdanninga. I praksis får ein forske på kva ein vil. Signala som kjem frå leiinga er tvitydige. På eine sida skal ein forske berre på tema som er direkte relevante for lærarutdanning. På hi sida er alle forskingspoeng velkomne, ikkje minst pga. universitetsambisjonane. HVL er partner i Mellomalderklynga ved UiB, representert i styringsgruppa ved prorektor for forskning. Av prosjekt kan særleg nemnast Århus-konferansen i norrøn mytologi 31.10.–1.11., som Eldar arrangerer i lag med Helen Leslie, Jan Kozák og Konsta Kaikkonen ved UiB.

UiT – Noregs arktiske universitet v/Endre Mørck

Endre Mørck har stilling som professor i norrøn filologi, men går av med pensjon ved kommende årsskifte. Stillinga er lyst ut innafor nordisk språkvitenskap med eldre språk som ett av etterspurte kompetanseområder. Ved behov har undervising i eldre språk de siste åra også vært gitt av professor Øystein Vangnes.

Eldre språk undervises i et emne på 1000-nivå om norrønt og språkhistorie som de siste åra har hatt rundt 50 studenter. Emnet er obligatorisk for både studenter på årsstudiet i nordisk språk og litteratur, bachelorgradsstudenter i nordisk språk og litteratur og studenter på integrert lektorutdanning med nordisk som fag. Faggruppa for nordisk har holdt fast ved at dette emnet er en viktig del av grunnlaget i nordiskfaget trass i kritiske spørsmål fra studenter og ledere om dette virkelig er nødvendig for lektorstudenter. Etter at den nyere språkhistoria blei lagt inn i emnet for et par år siden, har norrøndelen av emnet blitt redusert til de viktigste delene av Odd Einar Haugen: *Norrøn grammatikk i hovuddrag* og bare 2,5 sider norrøn tekst (mot tidligere 5 sider). Det har av ulike grunner ikke vært gitt andre emner om eldre språk de siste åra.

Endre Mørck fortsetter med si forskning på mellomnorsk syntaks.

Vedlegg til sak 2: Kjeldeskriftkommisjonen

Redigert og nedkorta versjon ved Gudlaug Nedrelid av referat frå møte i Kjeldeskriftkommisjonen 15.11.2018.

Dagsorden

1. Ressurssituasjon kildeutgivelse
2. Publikasjoner under arbeid
3. Forslag til nye publikasjoner
4. Prosjekt Etablering av digital plattform for kildeutgivelse
5. Kjeldeskriftkommisjonens oppgave og plassering i ny organisasjon
6. Eventuelt

1. Ressurssituasjon kildeutgivelse

Det korte av det lange: «Når det gjelder 2019, er budsjettet i prosess. Vi har spilt inn våre behov, det gjenstår å se hva vi får tildelt.»

2. Publikasjoner under arbeid

- Kjeldemateriale til Lofthusoppreisten
- Christen Prams rapporter fra to reiser i Norge 1804–1805 og 1805–1806
- Regesta Norvegica XI (1431–1440)
- DN XX Mål: Fagfelleevaluering og trykking 2019.
- DN XXIV Prosjektet har ligget på vent mens Ugulen har arbeidet med DN XX.
- RN- og DN-basene
- L. Gjerløws etterlatte manus
- Geistlige segl fra Stavanger bispedømme, - bind 4 i serien Norske Sigiller

Norges innskrifter med de yngre runer bind 7

Utgiver: Jan Ragnar Hagland. Medutgiver: James E. Knirk.

Prosjektkoordinator: Henrik Williams.

Hoveddelen av manuskriptet, dvs. de 119 artiklene, ble fagfellevurdert 1. kvartal i år, og vurderingene ble oversendt Knirk med redaksjonens kommentarer i midten av april. Deretter har prosjektet nærmest stått stille. Forord, billedredigering og utbedring av tekst etter fagfelleevaluering er ikke utført. Kontrakt og tidsplan løp til kommisjonsmøtet 2017 og ble ikke forlenget. Uten en bindende kontrakt har det vist seg vanskelig å få Knirk til å prioritere prosjektet. Han må også ta hensyn til egen helse.

I sin ettersendte statusrapport legger Knirk fram en justert tidsplan for ferdigstilling av prosjektet. Trykketidspunkt er skjøvet fra høst 2019 til juni 2020. Knirk gir følgende årsaker til forskyvningen.

- Knirk har andre oppgaver høsten 2018.
- Den svenske runologen Marcho Bianco, som jobber med trykksats, og som prosjektet ønsker som ombrekker, har ikke kapasitet til å brette om NIYR 7 før januar 2020.
- På feltrunologmøtet i Trondheim 20.–23.09.2018 var innskriftene i NIYR 7 på programmet. Deltakerne kom med flere innspill som Knirk vil innarbeide i manus.

Knirk anslår at det blir en såpass omfattende redigering av enkelte artikler at det er behov for ny runde med kvalitetssikring både av nynorsken og av det faglige innholdet.

Mål, justert i henhold til Knirks statusrapport: Utgaven ferdigstilles og trykkes i 2020.

Magnus lagabøtes landslov, tekstkritisk utgave

Utgivere: Magnus Rindal og Bjørg Dale Spørck. Boka er utkomen.

Magnus lagabøtes landslov etter Holm perg 34 4to

Prosjektleder: Odd Einar Haugen. Utgiver: Anna C. Horn.

Mål: Fagfelle vurdering 2. kvartal 2019, trykking høst 2019. Dette kan nok Odd Einar orientera om.

Hákonar saga Hákonarsonar

Utgiver: Tor Ulset. Mål: Bind I som separat bokutgave. Bind II digitalt tilgjengelig.

Diskusjon: Kommisjonen oppfordret Arkivverket til å se på muligheten for å gi ut begge bind som digitale utgivelser. Det vil gjøre utgaven mer brukervennlig ved at det bl.a. blir enklere å gjøre oppslag i bind II fra bind I.

Tillegg: Inaktive prosjekter

- *Paus' beskrivelse av Finnmarken*
- *Norges gamle Love, anden række, 1388–1604*
- *Stattholder Løvenskiolds rapporter*
- *Overhoffrettsdomar IV*

Hjelperegistre:

- *DN personnavnregister*
Arbeidet med å fylle inn opplysninger i dette registeret har stått stille siden 2013.
- *Prester i prestekallet i middelalderen* (Oluf Rygh, håndskrevet manus 216 s).
Prøveprosjekt med registrering i Access-base fra 2013 er ikke videreført.

3. Forslag til nye publikasjoner

Utgivelse av domsakten fra rettssaken mot Hans Nielsen Hauge

4. Prosjekt Etablering av digital plattform for kildeutgivelse

5. Kjeldeskriftkommisjonens oppgave og plassering i ny organisasjon

Kommisjonen har også fått noe endrede oppgaver siden mandatet ble fastsatt, da særlig redaksjonsarbeid ved fagfelle vurdering. Dette er en stor arbeidsoppgave som kommisjonsmedlemmene utfører gratis for Arkivverket.

6. Eventuelt